


Kultur- og kyrkjedepartement

Pb. 8030 Dep.
0030 OSLO



Likestillings- og
diskrimineringsombudet

Vår ref.
06/604- 2 - ABB

Deres ref. 2006/03495 KU/KU3 IE:kdp
Dato: 29.06.06

HØYRING - UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE


Likestillings- og diskrimineringsombudet syner til departementet sitt høyringsbrev av 18. april 2006.

Forslaget til endringar i forskrift om målbruk i offentlig teneste vil føre til strengare plikt til å rapportere målbruken og større rom for å føre tilsyn i form av å be den einskilde verksemd om opplysningar. Ombudet har ingen særskilde merknader til desse endringane.

Ombudet vil likevel nytte høvet til å gje ein merknad til sjølve plikta for verksemdene til å nytte begge målføra. I forskrifta § 1 andre stykket står det at "Kvart statsorgan har ansvaret for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk". Dersom ein med dette meiner at alle arbeidstakarar skal meistre både bokmål og nynorsk, kan eit slikt krav vere særleg vanskeleg å nå for verksemdar som har tilsette med annan språkleg bakgrunn enn norsk. Eit slikt krav kan og hevdast å vere i strid med forbodet mot diskriminering på grunn av språk i diskrimineringslova. Kjernen i forbodet er at ein ikkje skal setje strengare krav til språkferdigheiter enn det som er naudsynt for å fylle stillinga.

Ombudet reknar med at det må være nok at verksemda klarer å fylgje den kvantitative målsettinga om at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %.

Med venleg helsing


Beate Gangås
Likestillings- og diskrimineringsombod